

Lykkeleg fiskar

Årsmelding 2010

Innhold

	side
Fjellstyre	3
Medlemmer	3
Aktivitet.....	3
Fjellopsyn.....	3
Tilsette.....	3
Aktivitet.....	3
Refusjon	4
Samarbeid – oppdrag.....	4
Arealet	4
Stølsbruk.....	5
Stølsforskrift.....	5
Stølar, beite og tilleggsjord	5
Områdetiltak ”Heime og på støle”	5
Tomtefeste	5
Næringsfester	5
Hyttfester	5
Bustadfester	6
Festeinntekter	6
Fiske	6
Sal av fiskekort.....	6
Stamfiske/fiskeutsetting	7
Registreringar	7
Småviltjakt.....	10
Jaktkortsalg.....	10
Forvaltning	10
Elgjakt.....	13
Administrasjon	13
Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen.....	13
Elgtrekk	14
Driftsplanarbeidet.....	14
Valhall	14
Hjortejakt.....	15
Rådyrjakt.....	15
Jaktprøver	15
Informasjon - tiltak for friluftsliv	15
Tilrettelegging for friluftslivet.....	15
Informasjon	15
Inatur - internettportal	15
Turkart.....	16
Rekruttering til friluftsliv.....	16
Motorisert ferdsel i utmark.....	16
Tilskot	17
Tilskot frå fjellstyret.....	17
Grunneigarfondet	17
Økonomi.....	18
Generelt	18
Resultat.....	18
Eigenkapital.....	18
Vedlegg	20
Resultatrekneskap.....	20
Balanse	22
Revisjonsrapport.....	23



Frå Flisøyne mot Bukonofjellet

Årsmelding 2010

Fjellstyre

Medlemmer

Fjellstyret har hatt følgjande samansetning:

Leiar	Kjell Strand
Nestleiar	Kari Tyldum
Styremedlem	Kjell Magne Snortheimsmoen
Styremedlem	Anne Live Garvik
Styremedlem	Arild Bratrud



Fjellstyret på befaring med Statskog

Aktivitet

Fjellstyret har hatt 6 ordinære styremøte, behandla 53 saker og vore på 1 befaring. I tillegg deltok representantar på årsmøtet for fiskeanlegget FOSA, møter om driftsplan for elg m.m. Fjellstyret har delteke på årsmøte for "Fjellstyra i Oppland" og landsmøte for Noregs fjellstyresamband.


Fjellstyreleiar Kjell Strand er representert i styret for Fjellstyra i Oppland, FOSA, driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre og i Regionalt oppsynsutval. Fjellstyreleiaren har i tillegg delteke på ulike møter og befaringar.

Fjellopsyn

Tilsette

Fjellstyret har hatt følgjande tilsette i året:
Fjellopsyn I: Harald Ranum i 100 % stilling
Fjellopsyn II: Erle Frantzen i 60 % stilling
Deltidsoppsyn: Kenneth Monsen

I tillegg er det leigd inn deltidshjelp i samband med fiskekulturarbeid og arbeid med tiltak for friluftsliv.



Aktivitet

Fjellopsynet har ein samansett funksjon som omfattar saksbehandling, kontroll, skjøtsel, informasjon m.m. Administrasjon og saksbehandling for fjellstyret er viktigaste arbeidsoppgåver for fjellopsynet. I feltarbeidet er informasjon og tilrettelegging prioriterte oppgåver.

Refusjon

Etter fjellova §36 skal fjellstyret ha refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning. Refusjonsorninga er no slik at det er årleg godkjenning av budsjett på oppsynsutgifter avhengig av årlege løyvingar over statsbudsjettet. Tildeling av refusjon skal vurderast ut frå aktiviteten i allmenningane. Fjellstyret fekk kr 281.345 (2009: 271.550) i refusjon frå staten.

Samarbeid – oppdrag

Fjellstyret har følgjande faste oppdragsgjevarar:


- Administrasjon av driftsplan for hjortevilt i Vestre Slidre kommune
- Oppsyn med motorisert ferdsel i utmark for Ulnes sameige
- Sekretærarbeid for felleskortet "Fisking i Valdres"

Inntektene ved utleige av tenester er kr 18.823 (2009: 51.850). Større inntekt i 2009 skuldast at oppsyn for Ulnes i 2008 er fakturert i 2009.



Frå Strø mot Helin

Arealet



- Totalareal: 200.000 daa
+1000 moh: 65.000 daa
- 1000 moh: 135.000 daa
- Lågaste punkt: Vaset 796 moh
- Høgaste punkt: Gråkampen 1595 moh
- Vatn/vassdrag: 20.000 daa
- Lauvskog: 60.000 daa
- Grensar inn til kommunane:
Vang, Hemsedal og N.Aurdal
- Arealet utgjer 43 % av kommunen
- Ca. 300 stølar og 10.000 daa dyrka jord
Produktive områder som er intensivt
brukt med kulturprega stølslandskap
- Ca.600 hytter
- 2 felt for bustadar, 10 stk bustadar
- Utbyggingsområde på Vaset til satsing i
turisme
- Stølsvegar i allmenning ca 135 km
- Statsallmenningen er godt tilrettelagt med
rastplassar o.l.

Stølsbruk

Stølsforskrift

Ny stølsforskrift er gjort gjeldande frå 1.9.2009. Det er ved denne revisjonen mellom anna gjort endringar i forskrifta knytt til utvisning av areal til kultivering som beite, utvisning av areal til gjødselkum og oppføring av gjetarbu. Det er vidare lagt til grunn at fjellstyret har ei plikt til, ved vedtak, å ta stilling til om retten til utvist seter er falt bort og melde dette til Statskog SF. Slik vurdering skal fjellstyret minimum gjera kvart 10. år.

Stølar, beite og tilleggsjord

Samla er det 296 enkeltstølar, 1 fellesstøl og 67 fester for kulturbeite/tilleggsjord i allmenningen. Samla utgjer dette ca 10.000 daa dyrka mark. Vestre Slidre statsallmenning er utan samanlikning det mest intakte og aktive stølsområdet i landet. Det er ikkje vist ut støl eller tilleggsjord i 2010.



Strø

Etter lokalkontoret til Statskog på Fagernes vart lagt ned, har ein registert at Statskog ikkje har same forståing for stølsbruket som før og tolkar bruksretten svært restriktivt. Dette kjem tydelegast fram i behandling av byggesøknader på støl. Til statsallmenning ligg det bruksrettar som avgrensar korleis grunneigar (Statskog) kan utnytte området. Om bruksrettane blir reduserte, aukar i praksis Statskog sin råderett, og blir sentral styring i staden for lokal styring.

Områdetiltak ”Heime og på støle”

For å bevare det unike stølsbruket i Vestre Slidre starta kommunen og fjellstyret i 2007 eit områdetiltak for å oppretthalde den aktive stølsdrifta og dei verdifulle kulturlandskapa i fjellet. Det er tilsett prosjektleiar i 100% stilling. Arbeidet skjer ved tiltak retta både mot garden og stølen. Fjellstyret lønner 25 % av stillinga som prosjektleiar med årleg utgift på kr 125.000. Prosjektet vart avslutta i januar 2010. Fjellstyret vil drøfte nærare med allmenningstyret for ev. vidareføring av tiltak knytt til attgroing.


Tomtefeste

Næringsfester

Samla er det 16 stk fester for reiseliv- og andre næringsbedrifter i statsallmenningen. Statskog har lagt fram utkast til nye reguleringsplanar for nytt sentrumsområde og for alpinområde på Vaset. Planane er ikkje sluttbehandla politisk.

Hyttefester

Samla er det 591 stk hyttefester i allmenningen. I perioden det var lov å løyse inn fritidsfester vart det løyst inn 8 tomter, slik at det samla er 598 fritidsbustader i allmenningen.



Bustadfester

Samla er det 10 fester for bustadar i allmenningen. Det er avsett ei nytt område i kommunedelplan for Vaset til bustadføremål, men området er ikkje teke i bruk.

Festeinntekter

Statskog har gjort vedtak om at festeavgiftene på fritidsbustad ikkje skal regulerast etter marknadsnivå, men etter konsumprisindeks. Dette skal skje med tilbakeverkande kraft frå 2002. Dette betyr at ein stor del av festeavgiftene blir redusert. Korleis tilbakebetaling til festarane skal finansierast er ikkje bestemt. Samla for alle statsallmenningane er dette ca. 20 millionar kroner, men det er ikkje klart kor mykje dette utgjør for Vestre Slidre.

Festeavgift for hytter og hotell blir delt 50/50 mellom fjellstyret og grunneigarfondet. Som følge av reduserte festeavgifter gjekk festeinntektene ned med ca 30 % i 2010. Festeavgifter gav fjellstyret ei inntekt på kr 780.804 (2009: 1.101.128).

Fiske




Utlånsbåt i Matkista

Sal av fiskekort

Det vart selt 1281 fiskekort samla for innan- og utanbygdsbuande (2009: 1375). Kortsalet gav ei bruttoinntekt på kr 172.604 (2009: 172.131). Til diverse fiskekulturarbeid har fjellstyret brukt kr 126.164 (2009:kr 121.257), i tillegg kjem fjelloppsynet sitt arbeid.

Sal av kort fordelt på korttypar:

Innanbygds								Utanbygds							
Enkeltkort				Familiekort				Enkeltkort				Familiekort			
1-d	3-d	veke	år	1-d	3-d	Veke	År	1-d	3-d	Veke	år	1-d	3-d	veke	År
7	4		70	1			38	389	208	73	173	56	34	75	155
81				39				841				320			
120								1161							
1281															



Fiskekort vart for femte år selt via SMS på mobiltelefon (44%). Dette viser seg å vera ei svært vellykka ordning der kort alltid er tilgjengeleg. Kortsal på internett (www.inatur.no) har ikkje noko stort omfang (ca 2%). Sal gjennom Inatur må ein i realiteten sjå på som marknadsføring av området. Størstedelen (54%) av fiskekorta blir selt i buttkar o.l.

Stamfiske/fiskeutsetting



Stamfisk frå Grønsenn

Fjellstyret har i mange år drive stamfiske i Grønsenn og Mosvatnet for levering av rogn til fjellstyra sitt settefiskanlegg FOSA. Etter at FOSA har sikra større leveringsavtale, er det behov for meir rogn. I 2010 leverte fjellstyret ca 7 liter rogn til FOSA.

Fjellstyret har sett ut 1000 stk 2-årig settefiske i Sørre og Midtre Syndin. I Buaråne var det satt ut 50-fleirårig settefisk. I dei andre mindre vatna vart det sett ut 1-årig fisk og dette gjeld Svulttjern (500stk), Grønsenn (800stk), Nestisvatn (600stk), Skardtjern (200stk), Langebergjern (100stk), Kringletjern (100stk),

Bjødnhøvdjern (100stk) og Lomtjern (100stk). I Storfjorden vart det som vanleg sett ut 10.000 toårig settefisk, halvparten blir som eit forsøksprosjekt sett ut om vinteren.

Registreringar

I samarbeid med fiskarane blir det gjort registreringar og anna kulturarbeid. Ein får på dette viset ein meir kontinuerleg overvaking av vatna og eit sikrere grunnlag å vurdere kultiveringstiltak på. Dette er kostnadssparande og styrkjer kontakten mellom forvaltninga og brukarane av vatna. Fjellstyret får inn fiskrapportar for dei fleste vatn, og vi fekk inn skjellprøvar frå 7 vatn. Dette er ei veldig positiv auke og vi oppfordrar alle til å fortsette med å samle inn skjellprøvar.







Foto: V.Slidre fjellstyre



Storfjorden

Statusoversikt for fiskevatna



Ut frå fangstrapportane har ein satt opp følgjande fangstoversikt:



Det er levert 13 skjellprøver frå Midtre Syndin. Fisken var raud i kjøttet, 6 stk var merka.



Det er levert 122 skjellprøver frå Storfjorden. Fisken var raud i kjøttet, 79 stk var merka.



Det er levert 41 skjellprøver frå Mosvatn. Fisken var raud i kjøttet, 0 stk var merka.

Vatn 2010	Antal utsett aure	Status for auren	% merka aure i fangsten	Aktuelle tiltak framover
Rensenn 0 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst, litt mager fisk. Gode gyte- og oppveksttilhøve. k-faktor opp mot 1.	0	Fylgje opp vatnet, uttaket av fisk bør aukast. Dårlig resultat av stamfiskeforsøk 2010.
Grønsenn 15 prøver	600 1-årig Grønsenn	Særs god vekst og fin aure.	13	Fylgje opp gytebekkane.
Nestisvatn 5 prøver	300 1-årig Grønsenn	Særs god vekst. Framleis tynn bestand.	0	Få inn fleire fiskeprøver.
Midtre Syndin 13 prøver	800 2-årig Grønsenn	Særs god og uthaldande vekst. Litt tynn bestand men ein del stor aure.	46	Registrere yngel i bekkane.
Sørre Syndin 10 prøver	600 2-årig Grønsenn	God og uthaldande vekst. Tynn bestand men ein del stor aure.	50	Fylgje med på rekrutteringa.
Storfjorden 122 prøver	10 000 2-årig	God vekst. Høg k-faktor. Rapportar om tidvis mykje abbor. Prøvefiske utført av FMO i 2009.	65	Halde fram med registrering av merka aure i fangstane.
Mosvatn 41 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst.	0	
Matkista og Halvorstølstj 0 prøver	Naturleg rekruttering	Middels vekst. Auren må kjempe hardt for plassen sin i desse tjerna. Stabil aurebestand, middels kvalitet. Rapportar om ein del stor abbor.		Auka uttak av abbor er ynskjeleg.
Strøstjern 6 prøver	100 2-årig	Tett abborbestand gjev auren harde vilkår, middels vekst	17	Fiske hardt på abbor. Samle inn prøver frå aure.
Svult 0 prøver	100 1-årig Grønsenn	God vekst på auren God bestand. All fanga aure er merka.		Stabilisere bestand. Tiltak i gytebekk.
Skardstjern 0 prøver	50 1-årig	Tynn bestand eit par år, bestanden er i ferd med å ta seg opp.		Ørekytefangst. Få inn prøver frå aure.
Skruvletjern 0 prøver	Naturleg rekruttering	Middels god vekst, god bestand.		Få inn fleire prøver frå aure.
Kringeltjern 0 prøver	100 1-årig	Mykje ørekyte som har kome dei siste åra.		Halde vatnet reint for ørekyte.
Bjødnhøvdjtj 0 prøver	100 1-årig	I 2005 er dei eldste fiskane 5 år. Det er på tide å ta dei opp.		Halde vatnet reint for ørekyte. Få inn fiskeprøver.
Langebergjtj. 0 prøver	100 1-årig	Svært god vekst. Auren har no nådd høveleg storleik.		Få inn fiskeprøver.
Lomtjern 0 prøver	100 1-årig	Fiskerapportar tydar på tynn bestand.		Få inn prøver frå aure. Betre gytetilhøva.

Småviltjakt

Jaktkortsalg

Jaktkortsalet gav ei inntekt på kr 283.215 (2010: kr 362.548). Dette er ein nedgang på ca. kr 80.000 som følgje av redusert sal av kort i regulert periode.

Kortsalget fordelar seg slik:

Kort for			Jakttid	Stk. kort	Stk. kort	Stk. kort	Stk. kort
Innan- og utanbygds- buande	Fritt salg	rovvilt m.m.	01.1-31.12	10	10	10	
		and og ringdue	21.08-14.09	0	0		
Utanbygdsbuande	Begrensa salg, søknadsfrist 1. april	småviltjakt u/hund	15.09-19.09	23	49	236	448
			20.09-24.09	16			
			15.09-14.12	6			
			20.09-14.12	4			
		orrflugljakt u/hund	15.09-19.09	6	9		
			20.09-24.09	3			
		fuglejakt m/hund	15.09-19.09	53	105		
			20.09-24.09	52			
		orrflugljakt u/hund	15.09-19.09	15	33		
			20.09-24.09	18			
	fuglehund-trening	15.09-19.09	2	6			
		20.09-24.09	4				
	harejakt m/hund	05.10-11.10	27	34			
		05.10-14.10	7				
Fritt salg	orrflugljakt u/hund	15.10-14.12	49	138	138		
		orrflugljakt m/hund	15.10-14.12			60	
		harejakt m/hund	15.10-14.12			29	
Innanbygds- buande	Fritt salg	småviltjakt	15.09-14.12	30	64	64	
		småviltjakt	15.09-14.12	34			

Forvaltning

Fugl:

Utover 90 talet gjekk bestanden og avskytinga av rype ned år for år. På bakgrunn av dette reduserte fjellstyret jaktpresset ved ulike tiltak. Talet på jaktkort vart redusert med 20 %, liryper vart freda for alle korttypar etter 10 dagar, det vart innført dagskvote på 2 liryper og 2 fjellryper og jakt etter fjellrype vart avgrensa til å gjelde kote 1200 moh på Bukono- og Gilafjellet. Tiltaka har redusert jaktpresset på rype samstundes som vi har kunne gi jegerane eit jakttilbod. Etter tusenårsskiftet har rypebestanden auka att, men det siste året det eit svært dårleg klekkesresultat.

Tidlegare meinte forskarane at jakt hadde liten innverknad på rypestamma. Nyare forskingsresultat tyder på at jakt likevel har stor



innverknad, særleg i lett tilgjengeleg terreng. Dette vil stille større krav til forvaltninga av viltet i framtida, med betre tilpassa avskyting etter storleik på bestand. Slik forvaltning føresett langt betre kunnskap om storleiken på bestanden frå år til år. Dette vil m.a. krevja at ein takserar lirypebestanden årleg før jakta.

Eit utval med medlemmer frå fjellstyret og Vestre Slidre jeger- og fiskarlag la fram utkast til ny modell for forvaltning av småviltet og elg. Med bakgrunn i dette arbeidet vedtok fjellstyret ny modell for utleige av elgjakt frå 2010. Talet på jaktkort for rypejakt vart redusert med ca 30 % og det vart samstundes lagt til rette for anna jakt. Jaktrapportane tyder på at ein har fått redusert jaktpresset på rype.

Taksering:

I 2009 tok fjellstyret i bruk linjetaksering etter Distance sampling metoden (avstandsmetoden). Takseringa skjer ved at mannskapane, minimum 2 mann saman med ståande fuglehund, går forhandsutlagte linjer i terrenget. Desse linjene vert fylgt med GPS. Oppflukter vert registrert og andre detaljer blir også journalført. Alle registreringar blir lagt inn i eit dataprogram som bereknar bestandsstorleik og kjuklingproduksjon.



Vestre Slidre jeger- og fiskarlag saman med andre jegerar i kommunen sto for den praktiske gjennomføringa i felt, etter opplegg av, og i samarbeid med fjelloppsynet.

Hare:

Samanlikna med 80-talet har bestanden hatt den same nedgangen som rype. Ein har ikkje endra forvaltninga vesentleg dei siste åra, men interessa for å få tildelt jaktkort har gått sterkt ned dei siste 10 åra. Jaktpresset er på denne måten redusert, utan at ein har behøvd å setja i verk spesielle tiltak.


Jaktstatistikk

Ut frå rapportane har ein berekna total felling til 215 ryper, 33 orrfugl og 32 harar. Tala for 2009 var 250 ryper, 49 orrfugl og 16 harar. Det vart felt 7 rev, 2 mink, 1 kråke og 2 ender (toppdykkere).

Etter gjennomgang av innleverte vengjeprøver vart produksjonen av lirype berekna til 3,7 kjuklingar per 2 vaksne ryper. Det vart levert inn 183 vengjer.



Produksjonen reknast ut etter følgjande formel:

$$\text{Kjuklingproduksjon} = \frac{\text{ant. kjuklingar}}{\text{ant. par vaksne}}$$






Jaktstatistikken for mange år tilbake er usikker fordi svarprosenten har vore låg, spesielt for innanbygds jegerar. Det som gir det beste samanlikningsgrunnlaget er resultatet frå utanbygds jegerar i regulert periode og statistikken nedanfor er derfor berekna ut frå dette.

Fuglejakt:



Harejakt:





Elgjakt

Administrasjon



Administrasjon av elgjakta vart 2004 overført frå Statskog til fjellstyra. Søknad om elgjakt og trekking av jaktfelte skjer via internett på Inatur, nettportalen som bl.a. Norges fjellstyresamband er medeigar i. Kontraktarbeid og fakturering blir gjort av fjellstyret.

Elgjakta gav ei inntekt på kr 207.574 (2009: kr 198.167).

Direktoratet for naturforvaltning har oppheva 100 % fortrinnsrett for innanbygds til elgjakta og frå 2010 vart det 60/40-fordeling mellom innan- og utanbygds. Eit utval med medlemmer frå fjellstyret og Vestre Slidre jeger- og fiskarlag la fram utkast til ny modell for forvaltning av småviltet og elg. Med bakgrunn i dette arbeidet vedtok fjellstyret ny modell for utleige av elgjakt frå 2010.

Jaktstatistikk for elgjakt i statsallmenningen

Det vart til saman skutt 23 elg i allmenningen i 2010, grunnkvota var på 28 dyr. Fellinga fordelar seg slik: 4 kalv, 10 ungdyr, 6 vaksne koller og 3 vaksne uksar.



Elgtrekk

Fjellstyret kjøpte i 2001 inn elgtrekk for å redusere slitasje på terreng, samstundes gir dette elgjegerane eit godt tilbod for framkjøring av elg. Ordninga blir finansiert gjennom betaling for bruk. Utleige av elgtrekken gav ei inntekt på kr 594 (2009: kr2.306).

Driftsplanarbeidet

Alle grunneigarlaga i kommunen har frå 1997 samarbeidd om driftsplan. Gjennom arbeidet med driftsplan har ein gjort mange nyttige erfaringar slik at ein har betre kunnskap til å forvalte elgstamma i framtida. Også hjort og rådyr er med i driftsplan slik at det omfattar alt hjortevilt.

Elgstamma var i sterk vekst før ein starta med driftsplanarbeidet, og ein hadde som mål å redusere veksten i stamma. To år med rekordkvoter stoppa veksten og avskytinga har vore meir stabil seinare. Taksering av elgbeita i 2005 syner at vinterbeitene i kommunen er hardt belasta. Elgstamma bør derfor ikkje aukast. For å bevare vinterbeite har uttaket dei siste to åra vorte auka. Tildelt totalkvote for heile kommunen var 135 dyr, med ei grunnkvote på 112 dyr. Totalt vart det felt 104 elg og 25 hjort.

Valhall

Vestre Slidre driftsplanlag for hjortevilt er med i ValHall. Dette er eit regionsamarbeidet for elgforvaltning mellom 8 kommunar som ut frå dagens kunnskap dannar ein naturleg region for elgen. Det er fire kommunar frå Hallingdal; Flå, Nes, Gol og Hemsedal og fire kommunar frå Valdres; Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang.

Det blir arrangert felles møter og felles gjennomgang av innsamla materiale med tilråding om avskytingsstrategi, men det er ikkje noko forpliktande samarbeid.

Hjortejakt

Statsallmenningen hadde kvote på eitt dyr. Det vart ikkje felt dyr.

Rådyrjakt

Kortsalet er administrert gjennom Vestre Slidre jeger- og fiskarlag. Det vart selt 5 rådyrkort og ingen dyr vart felt. Kortsalet gav ei inntekt på kr 1.000 (2009: kr 1.000).

Jaktprøver

Det vart ikkje arrangert jaktprøve i 2010.

Informasjon - tiltak for friluftsliv

Informasjon og tilrettelegging er eit prioritert arbeidsfelt for fjellstyret.

Tilrettelegging for friluftslivet

Det er ført opp ny informasjonstavle på Vaset og ny gapahuk ved Buaråne. På tilrettelegging for friluftslivet har fjellstyret brukt kr 46.790 (2009: kr 88.240). Den usikre økonomiske situasjonen til fjellstyret gjer at ein no berre kan gjera vedlikehald og mindre tiltak for friluftslivet.

Oversikt over tiltak i statsallmenningen:

Informasjonstavler: 12 stk

Skilt: 85 stk

Rastebord: 29 stk

Doar: 12 stk

Parkeringsplassar: 11 stk

Open bu: 1 stk

Gapahuk: 1 stk

Båt til fri bruk: 1 stk

*Utsiktspunkt på
Krististølen*



Informasjon

Fjellstyret har internettsider (www.vestre-slidre-fjellstyre.no) med informasjon om jakt, fiske og anna orientering om allmenningen. Frå 2003 er fjellstyrevedtak, årsmelding og offentleg ettersyn tilgjengeleg her. Internett har etter kvart vorte ei viktig informasjonskjelde og fjellstyret vil arbeide vidare for å betre sidene.

Fjellstyret har laga til ein versjon av turkartet som er lagt ut på nettsida til fjellstyret. Dette er eit interaktivt kart med søkeboksar for hytteutleige, bedrifter, kulturminne m.m.

Inatur - internettportal

Internettportalen www.inatur.no er eit felles satsingsområde for Norges Skogeierforbund, Norges jeger- og fiskerforbund, Statskog og Norges fjellstyresamband. På portalen skal du kunne få informasjon og kjøpe tenester innan jakt, fiske, hytteutleige og kart. Fjellstyret tilbyr jakt- og fiskekort på internett frå Inatur. Søknad og tildeling av elgjakt går også gjennom Inatur.

Turkart

Sal av kartet gav ei inntekt på kr 9.248 (2009: kr 15.460).

Rekruttering til friluftsliv

Fjellstyret har samarbeidd med kommunen om tiltaket "Turmål" ved praktisk arbeid og dekning av kostnader. Dette er 10 turmål i forskjellige delar av kommunen og deltakarane blir premiert med ein keramikkopp.

Arbeidet med rekruttering av ungdomar til jakt, fiske og friluftsliv i samarbeid med skulen og jeger- og fiskarlaget er ført vidare med mellom anna isfiskedag i mars for 5. klassane og fiskedag i juni ved Buaråne for 6. klassane. Saman med jeger- og fiskarlaget er det arrangert ein familiefiskedag ved Buaråne i juli. Samarbeidsgruppa har ein 30-manns lavo, båt, fiskeutstyr, turutstyr m.m. Dette utstyret blir brukt i ulike samanhengar på skulen og andre arrangement.



Frå Rensenn

Fjellstyret dekkar som tidlegare kostnadane til jegerprøven og gir gratis fiskekort og jaktkort for ungdom tom 20 år.



Fiskedag med 6. klasse



Familie fiskedag ved Buaråne

Motorisert ferdsel i utmark

Ulovleg bruk av snøskuter varierar over tid og hovudinntrykket er no at det er mindre ulovleg kjøring i statsallmenningen. Erfaring syner likevel at ein del miljø er tøffare og politiet tilrår fjelloppsynet å vera varsam med å drive slikt oppsyn åleine.



Ulovleg skuterkjøring ved Buaråne

Fjellstyret har vore misfornøgd med at påtalemyndigheit ikkje har fylgt opp anmeldelsar om ulovleg kjøring og både kommunen og fjellstyret følgd opp dette. Dette har betra seg i løpet av 2010.

Etter tiltak frå regionalt oppsynsutval har fjellstyret har vedteke å stille fjelloppsynet til disposisjon for snøskuterkontroll over

kommunegrensene i samarbeid mellom politi, SNO og fjelloppsynet. Det er gjennomført ein fellesaksjon saman med politi siste år.

Tilskot

Tilskot frå fjellstyret

Fjellstyret har gjeve kr 98.480 i tilskot (2009: kr 112.982).

Tilskot er fordelt slik:

Straum/aggregat	75.000 kr
Aksjon "Tursmål"	7.980 kr
Stølspost	10.500 kr
Revejakkkurs	5.000 kr
<u>Sum tilskot</u>	<u>98.480 kr</u>

Oversikt over tilskot og andre tiltak:

Tilskot	kr 98.480
Fiskekulturarbeid	kr 126.164
Tiltak for friluftsliv	kr 46.790
Sum tiltak og tilskot	kr 271.434

I samarbeid med Vestre Slidre kommune har fjellstyret innført tilskot til framføring av straum og innkjøp av aggregat til stølar med mjølkeproduksjon. Stølbrukarar som bind seg til mjølkeproduksjon på stølen i 5 år får 30 % tilskot avgrensa til kr 50.000. Tilskotsordninga har ei årleg ramme på kr 200.000. Denne tilskotsordninga vil til ein viss grad binde opp kva andre tiltak fjellstyret kan støtte.

Grunneigarfondet

Festeinntektene frå statsallmenningen blir delt likt mellom Grunneigarfondet og fjellstyret. Privatpersonar, kommunar, organisasjonar og andre kan søkje om tilskot eller lån til tiltak i allmenningane eller som utnyttar resursar frå allmenningane. Statskog administrerar bruken av fondet.

Med bakgrunn i Statskog sitt vedtak om reversering av festeavgift og tilbakebetaling av tidlegare innkravd festeavgift, er økonomien i fondet i ferd med å bli dårleg. Statskog har opplyst at det vil gå fleire år før det kan gjevast tilskot frå fondet. Etter fjellstyret sitt syn er dette ikkje i samsvar med fjellova og det må til ei vesentleg endring i administrasjon av fondet.



Foto: V.Slidre fjellstyre

Utsikt mot Jotunheimen frå Krististølen


Økonomi

Generelt

Fjellstyret er eit frittstående organ både økonomiske og administrativt. Alle inntekter frå jakt og fiske i allmenningen går direkte til fjellstyret. Festeinntektene frå hytter/hotell blir delt likt mellom fjellstyret og Grunneigarfondet (administrert av Statskog). Fjellstyret får dessutan refundert halvparten av utgiftene til godkjent oppsynsordning direkte frå staten.

Resultat


Rekneskapet syner inntekt på kr 1.793.297 (2009: kr 2.201.496) og utgift på kr 1.704.538 (2009: kr 1.879.795). Dette gir eit overskot på kr 88.759 (2009: kr 449.252).



Det spesielt store overskotet i 2007 og 2008 kom pga av innløyising av hyttefester.

Eigenkapital



Eigenkapitalen er den 31.12 kr 4.085.461 (2009: kr 3.996.702) inkludert varige driftsmidlar på kr 322.173 (2009: kr 327.920) og festefond kr 1.058.134. Disponibel eigenkapital er kr 2.705.154 (2009: kr 2.610.648).



Eigenkapitalen var så låg nokre år at vi måtte låne for å drive gjennom året, men dette er ikkje lengre er eit problem. Ein stor del av eigenkapitalen er bunden opp i festefond eller bygningar

og er derfor ikkje disponibel. Den økonomiske situasjonen er likevel usikker pga Statskog har gjort vedtak om ein stor del av at festeavgiftene skal reduserast. Dette skal ha tilbakeverkande kraft til 2002 og festeavgift betalast tilbake. Det er gjeve signal om at grunneigarfondet skal dekke desse kostnadane og ikkje belastast det enkelte fjellstyre.

Slidre den 27.4.2011

Kjell Strand
fjellstyreleiar

Kari Tyldum
nestleiar



Kjell Magne Snortheimsmoen
styremedlem



Arild Bratrud
styremedlem



Anne Live Garvik
styremedlem



Harald Ranum
dagleg leiar

Vedlegg: Resultatrekneskap
Balanse
Revisjonsmelding

Vedlegg

Resultat
for
VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Kontonavn	År 2010	År 2009
Salgs- og driftsinntekt		
Rognsalg	17 380	20 600
Kartsalg avg. pliktig	9 248	15 461
Webkart-oppføring		
Elgtrekk utleie	594	2 306
Elgjakt mva.pl.		
Rådyr-jaktkort mva.pl		
Oppdrag utleige avg.pl	18 823	51 850
Varesalg /uttak av varer	156	
Refundert fellingsavgift elgjakt		
Rådyrkort mva.fri	1 000	1 000
Elgjakt Grunnavgift avg.fri frå 2007	207 574	198 168
Fiskekort utanbygds	145 399	152 841
Fiskekort innanbygds	27 205	25 915
Jaktkort utanb. regulert	196 970	299 358
Jaktkort utanb. uregulert	37 485	34 480
Jaktkort innanbygds	48 760	28 710
Jaktprøve	0	8 320
Oppsynstj. utleie avg.fri		
Vassdragreg. & premiering Bægav.	9 054	9 054
Tilskott	11 500	80
Refusjon oppsynutg. stat	281 345	271 550
Ufakt. oppsyn, jaktkort mm	0	-28 824
Festeavgift	780 804	1 108 128
Innløysing festetomter		
Salg verktøy mm avg.fri salg	0	2 500
Salgs- og driftsinntekt	1 793 297	2 201 496
Varekostnad		
Kart kostnader	0	11 637
Lagerending kart	2 328	-6 840
Jakt- & fiske- kort kostnader	7 581	
Innleigd arbeid stølsprosjekt	0	125 000
Varekostnad	9 909	129 797
Dekningsbidrag	1 783 388	2 071 699
Lønnskostnad		
Lønn fjelloppsyn fast	571 962	542 100
Div tillegg fjelloppsyn	53 892	53 062
Lønn midlertidig tilsette	18 320	11 678
Lønn fjellstyremedlemmer	22 952	26 513
Feriepenger	77 477	72 922
Periodisert lønn & avg.		
Fri telefon	4 735	2 792
Pensjon klp fri	114 330	78 465
Pensjon klp motkonto	-114 330	-78 465
Fri forsikring	264	275
Motkonto fri telefon	-4 735	-2 792
Motkonto fri forsikring	-264	-275
Møtegodtgj. Fjellstyre	48 950	51 700
Arbeidsgiveravgift	53 463	48 918
Arb.giv.avg av påløp. Feriepenger	4 958	4 667
Aga.pl. pensjonskost	114 330	78 465
Pensjon KLP e.kap. innsk. u.aga	0	0
Refusjon av sykepenger	0	-2 205
Refusjon av sykepenger. Aga-beregning	0	-2 205
Refusjon av sykepenger aga-motkonto	0	2 205
Kantinekostnad		
Yrkesskadeforsikring	2 259	2 510
Annen personkostnad	0	300
Lønnskostnad	968 563	890 629

Driftskostn. og av- og nedskrivninger		
Avskriv. bygning/fast eie	12 400	12 400
Avskr. maskiner og inventar	0	13 999
Leie lokale	40 004	40 004
Reinhold lokale	11 584	11 196
Lys/varme lokaler	17 724	12 313
Leie datasystemer	0	0
Utstyr/mater.kjøp/rep	233	5 737
Telefon/datautstyr mm	14 202	10 431
Inventar	0	0
Arbeidsklær og arbeidsutstyr	6 217	10 267
Fiskekulturarbeid & stamfiske	126 164	118 557
Jakt & fiskestatistikk	3 725	12 030
Jegerprøve	0	26 226
Friluftsmidler	46 790	70 290
Snøscooter/elgtrekk	41 697	4 969
Diverse utgifter	3 259	1 103
Revisjonshonorar	13 250	8 250
Regnskapshonorar	48 950	41 448
Honorar for juridisk bistad	0	7 188
Kontorrekvisita	24 342	9 491
Trykksak, trykking kort	0	0
Aviser, tidskrifter, bøker o l	1 714	2 164
Møte, kurs, oppdatering o l	8 082	4 975
Telefon fast V.S. Fjellstyre	5 134	0
Mobil 952 88 222 (ludo)	112	300
Mobil 957 04 838 fjellst. H.Ranum	4 267	2 049
Tlf 613 43 300 Harald Ranum	0	0
Mobil 450 13 346 sense, sesongoppsyn	0	0
Erle Frantzen 977 85 915	3 798	4 031
Porto	5 643	8 145
Driftskostn. og av- og nedskrivninger	439 291	437 561
Annen driftskostnad		
Bil & km godtgj. oppg.pli	52 404	42 973
Diett/reise utgifter	12 772	0
Diett statens satser	0	2 292
Annen godtgj.motorsag/tlf	0	0
Provisjon kortsalg	29 334	25 719
Annonser	12 256	9 012
Intemett, domene mm	13 210	23 119
Kontingent, fradragsberettiget	97 240	107 105
Tilskott stølsveg	0	10 000
Tilskott aggregat/straum på støl	75 000	81 000
Tilskott almenn.formål	23 480	16 982
Tilskott Stølsprosjekt	0	-30 000
Gaver	2 000	1 270
Forsikringspremie	12 847	11 314
Styre & bedr.forsam.l.møte	8 493	39 501
Eiendom- og festeavgift	2 300	
Bank- og kortgebyr	636	711
Purregebyr kunder/leverandør	191	743
Administrasjonsavgift jakt mm	16 792	17 325
Tap på fordringer	0	0
Annen driftskostnad	358 956	359 065
Driftsresultat	16 578	384 445
Renteinntekt bank	69 066	62 156
Renteinntekt FO SA	3 259	3 000
Renteinntekt kunder	0	0
Rentekostnad leverandører	-144	-348
Netto finansposter	72 181	64 808
Ordinært resultat før skattekostnad	88 759	449 252
Ordinært resultat	88 759	449 252
Årsresultat	88 759	449 252

Balanse
for
VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Kontonavn	år 2010	år 2009
EIENDELER		
Lager vaset	140 000	150 000
Naust til stamfiske	52 400	54 800
Snøscooter Polaris 800 Svitchb.	1	1
Aksjer	1	1
Valdres utmarkskontor	1	1
KLP egenandelinnskudd	17 871	14 478
Langs. fordr. FOSA as	1	1
Langs. lån til FOSA as	111 898	108 638
Anleggsmidler	322 173	327 920
Lager kart	5 587	7 915
Kundefordringer	66 385	45 983
Negativ lønn	0	0
Opptj. ikke fakt. dr.innt.	0	3 306
Opptj. Oppsyn & jaktkort	62 903	85 140
Andre kostsiktige fordringer	5 625	
Påløpt renteinntekt	127	79
Forskuddsbetalt forsikring	2 344	
2153.07.04561 driftskonto	1 095 454	1 829 604
2153.60.04669 kapitalkont	2 833 164	1 629 320
2153.07.08567 oppdragskto	4 738	1 247
2153.52.26269 jaktkort	12 075	639 945
2153.52.26226 fiskekort	0	0
2153.69.00125 skattetrekk	29 712	23 162
Omløpsmidler	4 118 115	4 265 699
Eiendeler	4 440 287	4 593 619
EGENKAPITAL OG GJELD		
Annen egenkapital	-3 027 327	-2 938 568
Fond for innløste festetomter/avgifter	-1 058 134	-1 058 134
Opptjent egenkapital	-4 085 461	-3 996 702
Egenkapital	-4 085 461	-3 996 702
Leverandørgjeld	-14 026	-130 470
Forskuddstrekk	-74 711	-78 084
Fagforeningskontingent	0	-3 420
Oppgjørskonto merverdiavgift	-3 989	-9 648
Skyldig/betalt arbeidsgiveravgift	-23 064	-20 287
Påløpt arbeidsgiveravgift	-4 958	-4 667
Skyldig lønn	-121 158	-128 472
Utlegg tilsette	-13 816	-17 417
Skyldige feriepenger	-77 477	-72 922
Påløpt kostnad og forskuddsbet.innt.	-6 627	-8 031
Avsetning tilskott veg	0	-113 500
Avsetning andre tilskott	-15 000	-10 000
Annen kortsiktig gjeld	0	
Kortsiktig gjeld	-354 826	-596 917
Gjeld	-354 826	-596 917
Egenkapital og gjeld	-4 440 287	-4 593 619



Kommunerevisjon IKS

Valdres - Hallingdal



Til
Vestre Slidre fjellstyre

REVISJONSBERETNING 2010

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Vestre Slidre fjellstyre, som består av balanse per 31. desember 2010, resultatregnskap som viser et regnskapsmessig overskudd på kr 88.759, for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Fjellstyrets ansvar for årsregnskapet

Fjellstyret er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med fjelloven med forskrifter og Statskogs rundskriv 1/2003, og for slik intern kontroll som fjellstyret finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for fjellstyrets utarbeidelse av årsregnskapet. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av fjellstyrets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimaterne utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Kommunerevisjon IKS

Valdres - Hallingdal

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et uttrykk for den finansielle stillingen til Vestre Slidre fjellstyre per 31. desember 2010, og av resultatet for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med fjelloven med forskrift.

Uttalelser om øvrige forhold

Konklusjon om attestasjonsoppgaver etter Statsskogs rundskriv 1/2003


Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», mener vi at

- fjellstyrets tilskudd til allmennyttige formål er i henhold til gjeldende bestemmelser
- ansatte/engasjert personell har ført timelister i henhold til gjeldende bestemmelser
- kostnader knyttet til arbeidsoppgaver som gir grunnlag for tilskudd går klart fram av fjellstyrets regnskap eller noter til regnskapet

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller begrenset revisjon av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av kommunens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Fagernes 20.05.2011



Age Sandsengen
revisjonssjef/reg.revisor
oppdragsansvarlig revisor